

ALVERLAND

Bærekraft på bygda



Klimaendringar, krig og andre katastrofer kan gjere import av mat endå mindre tilgjengelig i framtida og tida er inne for å tenke nytt (eller gamalt) om matproduksjon og sjølvforsyning i Noreg. Vestlandet med sitt ulendte terreng er skapt for mange mindre bruk, men mange blir lagt ned og de fleste drevet halvhjerta. Mindre enn 10% av bønder i dag er under 40 år, og få lever av å vere bonde på eit småbruk, sjølv om det er mulig slik Bente Getz har vist på garden i Osteriet i Samnanger. Småbruket blir viktig for at Vestlandet skal kunne vere meir sjølvforsynt med mat framover. Fleire mindre produsenter kan bidra med mykje lokal mat i Alver.

Det er tungt å drive småbruk aleine, og forståelig at mange gir opp, og bærekraft handler ikkje berre om klima og miljø, men også om sunne relasjoner. Nordmenn var tidlegare avhengige av kvarandre som nabobar og som lokalsamfunn. I dag er vi nok nok meir avhengige av oljeøkonomien, og alle vil og kan eige alt sjølv. Vi er overbevist om at det å vere litt avhengige av naboen gjer ein meir audmjuk, at born har godt av å vekse opp blant mange gode vaksenrelasjoner og at å hjelpe kvarandre og lære av kvarandre på tvers av generasjoner er verdifullt.

Det er mykje snakk om smarte, bærekraftige byer, men kva er mest bærekraftig på landsbygda, der avstandene er lengre?

Nordhordland har blitt utpeikt som unescos første biosfæreområde i Noreg, og skal no vere eit føregongsområde innan bærekraftige modeller. Vi vil tilby ein stad der det kan forskes på korleis eit meir bærekraftig liv på bygda kan sjå ut i framtida. Der folk kan tjene til livets opphold og leve eit godt liv, men der naturen sine premisser ligg til grunn for levesettet, slik at framtidige generasjoner kan nyte godt av vårt arbeid og ikkje behøve å rydde opp etter oss.

Vi ønsker i samarbeid med biosfæreprosjektet å finne ut kor mykje vi kan tilby lokalsamfunnet vårt. I tillegg til økologisk og regenerativt landbruk, ønsker vi å lage eit større konsept som omfavner fleire sider ved bærekraft og trivsel på bygda.

Før jordskifte levde de fleste på bygda i klynge- eller rekketun, Noregs svar på den europeiske landsbyen. Husa var bygde av lokale, nedbrytbare materialer som stein og tre, og dei vart bygd for å vare i generasjoner. Å bygge boliger og driftsbygningar var dugnad arbeid basert på verdifull kunnskap om korleis å utnytte lokale ressursar. No står mange av husa til nedfalls og kunnskapen om lokale byggetradisjonar er utrydningstrua. Vår ambisjon er å resirkulere disse tilbake inn i eit større tun/grend, og etter ein gong bu og hjelpe kvarandre i fellesskap. Det beste frå gamle tider blanda med det smartaste frå moderne tider.

Våre viktigaste verdier og visjoner for prosjektet er følgende:

BÆREKRAFT:

Eit landbruk drevet etter økologiske og regenerative prinsipper. Halde matjorda levende og fruktbar slik at den også blir meir motstandsdyktig.

Sjølvforsyning: Vise at eit småbruk på vestlandet i stor grad kan vere sjølvforsynt med grønnsaker, frukt, bær, kjøt, fisk og meieriprodukt, samt selge til andre i lokalsamfunnet gjennom ulike kanaler.

Bygninger av lokale, naturlige og haldbare materialer. Sunne hus å bu i. Bygninger som harmoniserer med kvarandre og naturen og som forsterker opplevelinga av landskapet rundt.

Bærekraftig skogsdrift.

Skape ein lokal økonomi/sirkulærøkonomi.

KULTURARV:

Ta vare på bygningsarven ved å flytte gamle hus og driftsbygninger tilbake til eit tun og restaurere dei. Videreformidle kunnskap gjennom dette arbeidet.

Ta vare på kulturlandskapet med beitedyr tilpassa det vestnorske landskapet.

Kursvirksomhet. Vere eit senter i Alver kommune for kurs i tradisjonell byggeteknikk, diverse handverk, dyrking og matforedling.

INKLUDERING:

Eit sosialt oppvekstmiljø. Læring på tvers av generasjoner. Kjensle av å vere med på noko meiningsfullt som er større enn ein sjølv og sine prosjekt. Dei mange ulike arbeidsoppgåvene i eit tun/grend bidrar til menneske i alle livsfaser og med ulik arbeidsevne kan bidra med noko.

Enklere å leve bærekraftig i eit fellesskap, til dømes pga lågare levekostnader som eit resultat av deling av kostbare ting som bil, landbruksmaskiner, mat, fryserom, vaskerom, produksjonskjøkken osv.

Unge som har lyst å bu og starte bærekraftig verksemd kan ha tid og økonomi til å realisere dette i Alverland der boligpriser og levekostnader er lågare pga fellesskapet.

Andre ting me ser for oss Alverland kan bidra med om me får realisert prosjektet og blir fleire er til dømes:

Tilby lærlingplassar i handverksfag.

Mulighet for eldre å bli buande heime ved å støtte kvarandre i nærmiljøtet.

Opplegg for inkludering og busetting av nye landsmenn.

Inn på tunet/leir for vanskeligstilte barn og unge og skuler, bornehagar.

Eit internasjonalt miljø. Frivillige frå organisasjoner som wwoof og helpx, som kan bli inspirert til å videreføre idear i heimlandet sitt.
Turisme med eit par orginale eller tradisjonelle overnattingsmuligheter.
Lokalturisme med kafè, gardsbutikk osv.

Vi ønskjer å sette Alver kommune og Nordhordland på kartet. Både som eit autentisk men levande tun med ein god atmosfære, og som eit døme på bærekraftig levesett på bygda og kva man kan få til i fellesskap.

Bente
Bart
Ida Kamilla